

Sakshandsamar:

Ingebjørg Erikstad
E-post: ingebjorg.erikstad@sfj.no
Tlf.: 41530941

Vår ref.

Sak nr.: 15/9453-9
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.

Stiftinga Den Norske Bokbyen

6848 FJÆRLAND

Dato
LEIKANGER, 28.01.2019

Svar - Søknad om driftstilskot

Vi viser til kontakt om driftssituasjonen for Den norske bokbyen, og seinast dykkar søknad av 21.01.2019.

Utfordring:

Situasjonen bokbyen er kommen opp i har samanheng med at Norsk Kulturråd har avvikla ordninga med fast driftstilskot til dykk etter at dei overtok oppgåva frå Kulturdepartementet. Regjeringa viser til at fylkeskommunane skal få større ansvar og fleire oppgåver på kulturfeltet. Det er likevel ikkje noko her som er avgjort enno, og vi veit ikkje om og i tilfelle kva oppgåver/midlar som vert overført. I mellomtida er det statlege tilskotet til dykk avvikla og borte frå og med 2019.

Drift og utvikling av bokbyen har gjennom åra vore basert på stor dugnadsinnsats og noko betalt arbeid, slik de skildrar det i søknaden dykkar.

Fylkeskommunen ser på Den norske bokbyen som eit viktig tilfang til det samla kulturtilbodet i Sogn og Fjordane. Bokbyen er også forankra i Regional plan for kultur 2019-2027.

Ut frå drøftingar med Sogndal kommune har vi konkludert med at vi til saman skal ta ansvar for eit tilskot på kr 566 000 til drifta av bokbyen for 2018 og 2019. Summen er fordelt på kommune og fylkeskommune etter eit fordelingsnøkkel på 40% kommune og 60% fylkeskommune.

Vedtak:

I medhald av delegert mynde har fylkesdirektøren løyvt eit tilskot på kr 336 000 til drift av Den norske bokbyen for 2018 og 2019.

Budsjettdekning:

kr 246 000 vert dekkja innan teneste 7019 – Andre næringsområde.
Kr 90 000 vert dekkja innan teneste 7900 – Andre kulturaktivitetar.

Vilkår:

Tilskotet skal nyttast til drift av bokbyen i 2018 og 2019.
Den norske bokbyen sender godkjent årsmelding og revidert rekneskap for 2018 og 2019 når desse ligg føre.
Sogndal kommune yter sin avtalte del av den samla løyvinga.

Ev søknader vidare:

Når det gjeld ev søknad for 2020, vert denne å sende Vestland fylkeskommune. Vi kjem attende med utfyllande informasjon om søknadsfrist, m.m. for dette.

Vi ønskjer lukke til med viktig kulturarbeid!

Med helsing

Jan Heggheim
Fylkesdirektør for næring og kultur

Ingebjørg Erikstad
ass. fylkesdirektør

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)

Stiftinga Den Norske Bokbyen 6848 FJÆRLAND

Kopi til:

Sogndal Kommune Postboks 153 6856 SOGNDAL
Hovudutval for næring og kultur, her

Intern kopi:

Adrian Husabø Bjørseth
Jarlaug Lauritsen